

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-U62  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 14.07.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
048/20	Utval for helse og omsorg	01.09.2020

**Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe1 i tidsrommet 01.10.20 til 30.09.24- Meny Knarvik**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av Alkohollova og Alver kommune sin alkoholpolitiske plan får NG Meny Vest AS org.nr 979679971 fornya salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i omsøkte lokale til Meny Knarvik, Kvernhusmyrane 7A, 5914 Isdalstø frå 01.10.20 – 30.09.24

Severin Reite Holck er styrar for salsløyve og Kristian Olufsen er avlørsar for styrar.

Salstidene følgjer vedteken Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune.

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Fylkesmannen i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

**Utval for helse og omsorg 01.09.2020:**

**Behandling:**

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**HO- 048/20 Vedtak:**

I medhald av Alkohollova og Alver kommune sin alkoholpolitiske plan får NG Meny Vest AS org.nr 979679971 fornya salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i omsøkte lokale til Meny Knarvik, Kvernhusmyrane 7A, 5914 Isdalstø frå 01.10.20 – 30.09.24

Severin Reite Holck er styrar for salsløyve og Kristian Olufsen er avlørsar for styrar.

Salstidene følgjer vedteken Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune.

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol

innan 01. mars kvart år.

Løyveharar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Fylkesmannen i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Utval for helse og omsorg

#### **Bakgrunn**

NG Meny Vest AS v/ Gro Ekerbakke har i søknad datert 19.06.20 søkt om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 i tidsrommet 01.10.20 til 30.09.24, i butikkløkalet til Meny Knarvik, Kvernhusmyrane 7A, 5914 Isdalstø. Dei søker om fornying av løyvet på same grunnlag som dei hadde i tidlegare Lindås kommune.

Severin Reite Holck er styrar for salsløyvet og Kristian Olufsen er vikar for styrar. Varesortimentet er daglegvarer. Opningstida er frå kl. 07.00 til kl. 22.00 på kvardagar og frå kl. 09.00 til kl. 20.00 på laurdagar.

#### **Saksopplysningar:**

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltre (alkoholova § 1-6) NG Meny Vest AS hadde salsløyve i tidlegare Lindås kommune.

Søknaden har vore til uttale hjå politi og kemnar som har ingen merknader til fonying av salsløyvet.

Styrar for salsløyvet Severin Reite Holck og avløyser for styrar er Kristian Olufsen har bestått kunnskapsprøven samsvar med Alkoholova §1-7 c

Søknaden vert tilrådd innvilga.